


ÅRSMELDING 1984

FISKERIDIREKTORATET
HOVEDBIBLIOTEKET

FISKERIDIREKTORATET
HOVEDBIBLIOTEKET




FISKERIRETTLEIAREN I SANDE OG VANYLVEN

6084 Larsnes

2 JUL 1985

2 JUL 1985




FORORD

Ein har denne gong forsøkt omlegging av Årsmeldinga etter retningslinjer stipulert i den nye håndbok for rettleiings-tjenesten.

Endel av den informasjon som trengs for å fylgje denne oppsett har ein ikkje klart skaffe. Ein del av det tallmateriale som er brukt er ikkje endeleg og kan endre seg ved seinare korreksjonar. Ved Garantikassen og Fiskeridirektoratet er data anlegg i utvikling som ein i framtida meiner kan hjelpe til å gå eit betre bilde av fiskerinæringa si utvikling og betydning for kommunene. Arbeidet avslutta mai-85.

Tilslutt takk for skrivehjelp frå tidlegare kontorassistent og Landbrukskontoret.

Inge Remøy.



X = KONTOR STÅDER

● = OPP DRETTSANLEGG

■ = FISKEFØREDL.

INNHALDSOVERSIKT

Kapitel 1. Rettledningstjenestens virksomheit og funksjon.

- 1.1 Kontoret
 - 1.2 Personalet
 - 1.3 Korrespondanse
 - 1.4 Møtevirksomheit/viktigste prosjekter
 - 1.5 Deltagelse i utvalg, nemnder, råd og komitèer
 - 1.6 Tjenestereiser utanfor rettledersonen
 - 1.7 Fiskerinemnda
 - 1.8 Møtevirksomheit i nemnda
 - 1.9 Viktige fiskerinemndsaker
 - 1.10 Administrative erfaringar med tjenesten i beretningsåret.
-

Kapitel 2. Sysselsettingen i fiskerinæringen.

- 2.1 Fiskermanntalet
 - 2.2 Sysselsettingen i foredlingsleddet
 - 2.3 Sysselsettingen i oppdrettsnæringen
 - 2.4 Virksomhet som er avledet av fiskerinæringen
 - 2.5 Fiskerinæringens totale sysselsetting
 - 2.6 Ytelsar frå garantikassen for fiskere
-

Kapitel 3. Fiskeflåten.

- 3.1 Merkerregisterdata
 - 3.2 Distriktsvis fordeling av fiskeflåten pr. 31.12.84
 - 3.3 Konesjonsbilde for kommunen.
-

Kapitel 4. Foredlingsleddet.

- 4.1 Fiskebedriftene
 - 4.2 Råstoff, produksjon, kvantumsutvikling
-

Kapitel 5. Fiskeoppdrett/akvakultur.

- 5.1 Oppdrettsdata (tonn rund vekt, 1.000 kr)
-

Kapitel 6. Låne- og finansieringskilder.

- 6.1 Statens Fiskarbank
 - 6.2 Andre låne- og finansieringskilder
-

Kapitel 7. Tiltaksplaner/tiltaksidèer.

- 7.1 Tiltaksplaner/tiltaksidèer fordelt kommunevis/
kretsvis.
- 7.2 Tiltaksplaner/tiltaksidèer i rettlederensonen.
Hovedoppstill.

Kapitel 8. Oppsummering/status.

1.0 RETTLEDNINGSTJENESTENS VIRKSOMHET OG FUNKSJON.

1.1 KONTORET.

Kontoret dekkjer kommunane Sande og Vanylven. Hovudkontoret er i andre høgd i Gamlebanken på Larsnes. I tillegg har ein kontorlokale i Rådhuset, Fiskåbygd, som er betjent 1. og 3. tirsdag i kvar månad. Kontortida ved kontora er frå 0800 - 1530.

1.2 PERSONALET.

Fast bemanning er fiserirettleiar. Ein har hatt kontorassistent gjennom sysselsettings-tiltak med unntak av juni, juli og august. Det vart skifte i fiskerirettleiar 10.09.84, då Arne Gulbrandsen fekk permisjon til 01.05.85. Som vikar vart tilsett Inge Remøy. Bjørnar Rovde var kontorassistent fram til slutten av mai. Frå september 1984 har Lillian Roppen vore tilsett.

1.3 KORRESPONDANSE.

Kontoret sende 287 brev og registrerte mottak av 295. I tillegg har kontoret motteke J. meldingar og ymse informasjon frå fiskeridirektøren og andre. Utsending av søknadsskjema til distriktet vert ikkje registrert.

1.4. MØTEVIRKSOMHEIT/VIKTIGASTE PROSJEKT:

I samband med planlegging av oppdrettsanlegg har fiskerirettleiareren hatt møte med dei ansvarlege og vore på synfaring.

1.5 DELTAKING I UTVAL, NEMNDER, RÅD OG KOMITEAR.

Fiskerirettleiareren har vore medlem for kommunal nemnd for Vidaregåande skule i Sande. Denne nemnda har vore lite aktiv i 1984.

1.6 TENESTEREISER UTANFOR RETTLEIARSONA.

Den 9. og 10. august var fiskerirettleiareren på fiskerimesse, Nor-Fishing 84 i Trondheim. Den 30.11 og 01.12 var fiskerirettleiareren på årsmøte i Sunnmøre Fiskarlag, Ålesund. Den 13. desember var fiskerirettleiareren på olje-sparing konferanse i Fosnavåg, Herøy. Elles har det vore nokre vitjingar hjå fiskerirettleiareren i Herøy, Hareid og Ulstein.



2 JUL 1985

FISKERIRETTLEIAREN

I SANDE OG VANYLVEN

Fiskerisjefen i Møre og Romsdal,
N.Strandgt.4.
6000 Ålesund.

6084 Larsnes
Telefon (070) 98 033

Nytt tlf. nr. (070)-23033

Dykkar.ref.

J.nr. 174/85

Arkiv.nr. 374.6

Dato 20/6-85.

ÅRSMELDING-1984.

Distribusjonsliste:

Antal Sendt til:

2	Fiskerisjefen, Fiskeristyret i Møre og Romsdal.
1	Sande Kommune, v/Rådmann.
1	Vanylven Kommune v/Rådmann.
1	Fiskeridirektoratet, Kontoret for Rettledn. og Informasjon.
1	Fiskerirettlederen i Herøy.
1	Fiskerirettlederen i Ulstein og Hareid.
5	Sande Fiskerinemd.
5	Vanylven Fiskerinemd..

17 = SUM.

Med skifting av både kontorassistent og Fiskerirettleiar i beretningsåret må ein forvente redusert melding. Ein har ellers hatt redusert fangststatistikk og merkeregisterstatistikk frå Direktoratet for beretningsdistriktet. Trass slik mangel har ein funne å måtte avslutte årsmeldinga etter egne registreringar og innhenta informasjon.

Med helsing

Inge Remøy

1.7. FISKERINEMNDA

Fiskerinemnder valde for perioden 1984 - 1987.

SANDE:

1. Jakob Strand (formann)	6077	Gjerdsvika
2. Eivind Kobbevik (n.formann)	6149	Åram
3. Oddvar Hauge	6087	Kvamsøy
4. Gabriel Muren	6083	Haugsbygda
5. Sverre Voksøy	6089	Sandshamn

VARA:

1. Martin Nystøyl	6149	Åram
2. Johann Knotten	6082	Gurskebotn
3. Odd J. Rovde	6084	Larsnes
4. Arne Bugge	6087	Kvamsøy
5. Bård Muren	6077	Gjerdsvika

VANYLVEN:

1. Kåre Krokvik (formann)	6143	Fiskåbygd
2. Magnar Voldsund	6140	Syvde
3. Knut M. Myklevust (n.formann)	6140	Syvde
4. Per Berge	6145	Slagnes
5. Arthur Wik	6130	Rovde

VARA:

1. Ove Sivertstøl	6143	Fiskebygd
2. Inge Reite	6140	Syvde
3. Ola Arseth	6142	Eidså
4. Sivert Sylte	6144	Sylte
5. Knut Velsvik	6130	Rovde

1.8. MØTEVERKSEMD I NEMNDA.

SANDE:

I 1984 er det halde 11 møter og handsama 51 saker.

VANYLVEN:

I 1984 er det halde 8 møter og handsama 23 saker.

1.9 VIKTIGE FISKERINEMNDSAKER

Sakene som vart behandla i 1984 fordelte seg slik:

SANDE:

- 8 låneslknader til Statens Fiskarbank
- 10 søknader om forlenga avdragstid i Statens Fiskarbank
- 5 uttalelsar gjeldande søknad om fiskeoppdrett
- 7 uttalelsar til Garantikassen for fiskere
- 6 saker angående fiskarmanntalet
- 1 søknad om forsøksfiske

3 kondemneringssøknader
5 uttalelsar gjeldande trålkonsesjon
1 uttale gjeldande lokale reguleringsplnar
5 diverssesaker

VANYLVEN:

3 saker vedrørende fiskarmanntalet
3 søknader om lån i Statens Fiskarbank
9 uttalelsar gjeldande søknader om fiske etter sild
1 uttale gjeldande søknader om fiske etter sild
1 uttale til Garantikassen for fiskere
3 søknader om ervervtillatelse
2 søknader om trålkonsesjon
1 diverssesaker.

1.10 ADMINISTRATIVE ERFARINGAR MED TJENESTEN I BERETNINGSÅRET

Skiftinga av både kontorassistent og fiskerirettleiar ved kontoret har vore eit hefte for arbeidet ved kontoret og for brukarane. Arbeidet med dei ulike sakene krev stadig meir utgreiing og stadig nye felt aukar.

Forprosjektering innan havbruk har krevd mykje tid i 1984, og interessa er aukande i distriktet. Mot slutten av året, då begge tilsette ved kontoret etterkvart fekk rutine i arbeidet, meiner ein at brukarane kunne få det tilbud som skulle vere minimumskrav.

Samling av fiskerinemndene som er tenkt å vere fagnemnder og består av aktive fiskarar har vore eit problem. Sakene til behandling har og trend til å verte pålagde kortare behandlingstid.

Dette har ført til press mot kurantbehandling, der telefonkontakt og uttalelsar utan møte må nyttast. Ein har difor den bestemte meining at med den aukande arbeidsmengda og aukande krav til arbeidet vil kontoret ikkje kunne dekke di minstekrav brukarane har rett til, utan tillegg i meir permanent bemanning.

Registreringar til bruk i årsmeldinga om kontoret sine aktivitetar veil krevje rutinemessig samling, om det skal vere fullstendig. For eit så lite kontor vil dette arbeidet vere for tidkrevjande og hemma resten av arbeidet. Utsending av søknadsskjema og andre trykte informasjonar er difor ikkje registrert. Telefon-informasjon og forespørslar som tek store delar av arbeidet er heller ikkje registrert.

2.0 SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA.

2.1 FISKARMANNTALET

Alle kommunar skal sette opp eit manntal over fiskarar

og fangstfolk. Fiskerirettleiaren er manntalsfører i Sande og Vanylven.

Manntalet er delt i blad A, som er for fiskarar som har fiske som deltidsyrke, og blad B, for hovud eller heltidsfiskarar.

Hovudregisteret er lagt til Fiskeridirektoratet i Bergen. Trygdekontor og Garantikassen for fiskere brukar lister frå hovudregisteret. Slike lister vert grunnlag for alle rettar som fiskarane har. Der er difor svært viktig at desse er rette. Ein har difor sett segnøydd til å be fiskarar og reiarar om å hjelpe til med melding om endring til manntalsføraren. Serleg kan dette vere viktig for nye fiskarar å få melding om.

FISKARMANNTALET FORDELT ETTER ALDERSGRUPPER : 1984.

SANDE	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	SUM	GJ.ALDER
BLAD A	0	0	0	2	1	8	2	10	23	65,9
BLAD B	22	73	37	38	30	13	2	0	215	36,2
SUM									238	39,1

VANYLVEN	<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	SUM	GJ.ALDER
BLAD A	0	0	0	1	1	2	3	5	12	67,6
BLAD B	13	36	30	21	19	4	0	0	123	35,3
SUM									135	38,2

Med antal blad B = 1 årsverk og blad A = $\frac{1}{2}$ årsverk, gir det :

Sande: 227 årsverk
 Vanylven: 129 årsverk

Garantikassen For Fiskere, Trondheim har registrert fylgjande fiseriinntekter for 1983. (Registr. for 1984 enno ikkje klar).

Sande:

Antal fiskarar: 233 Gj. inntekt Kr 88.781,- SUM= 20.686.080,-

Vanylven:

Antal fiskarar: 138 Gj. inntekt Kr 115.433,- SUM=15.929.810,-

Tabell-1, viser oversikt over fiskarmanntalet i Sande med gjennomsnittsalder 1983-84 og fygdavisfordeling.

Tabell-2, lignande for Vanylven.

Tabell-3, viser grafisk utviklinga frå 1973 for Sande

Tabell-4, lignande for Vanylven.

2.2 SYSSELSETTINGA I FOREDLING 1984

SANDE:

Namn		Heiltidsans.	Deltidsans.	Årsverk
Bringsvor a/s	Konvensjonell	8	4	10,0
Sandshamnfish	Pakking		7	2,5
Sandanger	Hermetikk	10	5	12,0
Beitveit	Fryseri		2	0,5
Sum		18	18	25,0

Kilde: Bedriftene.

VANYLVEN:

Vanylven har ikkje fiskeforedlingsbedrifter.

2.3 SYSSELSETTINGA I FISKEOPPDRETT.

SANDE:

Namn		Heiltidsans.	Deltidsans.	Årsverk
Vestlaks	Matfisk	4	2	4
Bringsvorlaks	Matfisk	3	0	3
Sum		7	2	7

TABELL-1

FISKARMANNTALET.

Sande kommune.

Samansettinga av fiskarar i Sande kommune pr. 31/12-83 og 31/12-84
etter gjennomsnittsalder og aktivitet.

	Blad A		Gj.alder		Blad B		Gj.alder		Totalt	
1983	18		64,00		213		36,39		231	
1984	23		65,91		211		36,20		234	

Bygdavis fordeling av registrerte fiskarar i Sande kommune.

Gjerdsvika				Gurskebotn				Haugsbygda				Larsnes			
A		B		A		B		A		B		A		B	
stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%
1	5,6	33	15,5	0	0	15	6,6	1	5,6	30	14,1	3	16,7	19	8,9
1	4,3	38	18,0	0	0	15	7,1	3	13,0	29	13,7	5	21,7	20	9,4

Kvamsøy				Sandshamn				Åram				Sande kommune			
A		B		A		B		A		B		A		B	
stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%
3	16,7	39	18,3	8	44,4	51	23,9	2	11,1	27	12,7	18	100	213	100
4	17,4	36	17,0	8	34,8	47	22,2	2	8,7	26	12,3	23	100	211	100

TABELL-2

FISKARMANNTALET.

Vanylven kommune.

Samansettinga av fiskarar i Vanylven kommune pr. 31/12-83 og 31/12-84 etter gjennomsnittsalder og aktivitet.


	Blad A		Gj. alder		Blad B		Gj. alder		Totalt	
1983	11		68,27		110		36,30		121	
1984	12		67,58		121		35,31		133	

Bygdavis fordeling av registrerte fiskarar i Vanylven kommune.


Rovde				Syvde				Eidså				Fiskåbygd			
A		B		A		B		A		B		A		B	
stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%
0	0	3	2,7	4	36,4	42	38,2	1	9,1	10	9,1	4	36,4	27	24,6
0	0	4	3,3	4	33,3	46	38,0	1	8,3	11	9,0	5	41,6	29	23,9

Sylte				Slagnes				Åheim				Totalt			
A		B		A		B		A		B		A		B	
stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%	stk.	%
2	18,2	16	14,6	0	0	3	2,7	0	0	9	8,2	11	100	110	100
2	16,6	19	15,7	0	0	2	-1,6	0	0	10	8,3	12	100	121	100

TABELL-3
FISKARMANNTALET.



TABELL-4
FISKARMANNTALET.



2.3

Forts.

VANYLVEN:

Namn:	Heiltidsans.	Deltidsans	Årsverk
Vanylvsfisk Settefisk	4	2	5
Skorge/Bjørge Sette/Mat- fisk	3	0	3
Starlaks Marfisk	1	0	1
Sum	8	2	9

2.4

VIRKSOMHEIT AVLEDA FRÅ FISKERINÆRINGA

SANDE:

Namn/Type	Års- verk	Om- setn.	Frå fiske	Arb. plass.	Omsetn.
Longva Mek. Verkst.	38	15,0 m	100%	38,0	15,00 mi.
Mykleb.Mek. Verkst.	85	36,2 m	90%	76,5	32,58 "
Larsnes Mek.Verkst.	50	21,0 m	50%	25,0	10,50 "
Str.nes Mek.verkst.	3	2,8 m	45%	1,3	1,26 "
Pla-Ny (Presenning)	7	2,8 m	7%	0,5	0,20 "
Regnskapskontor	7	1,4 m	50%	3,5	0,70 "
Sum				144,8	60,24 mi.

VANYLVEN har lite eller ingen registrerbar virksomheit.

2.5

FISKERINÆRINGA SIN TOTALE VERKNAD.

KILDE: Garantikassen og bedriftene.

SANDE:

Frå	Årsverk	Økonomisk bidrag
Fangstleddet (ansatte)	227	20.686.000,- (innt.1983)
Fiskeindustri	25	15.400.000,- (omsetn.)
Fiskeoppdrett	7	6.982.000,- (---"---)
Fiske-avleda-virks.	145	60.240.000,- (---"---)
Sum	404	103.308.000,-

2.5 forts.

VANYLVEN

Frå	Årsverk	Økonomisk bidrag
Fangstleddet (ansatte)	129	15.930.000,- (Inntekt 1983)
Fiskeoppdrett	9	5.355.000,- (Omsetn. 1984)
Fiske-avleda virks. Regneskap, småreparasjon.	3	600.000,- (Beregna 1984)
Sum	141	21.885.000,-

2.6 YTELSAR FRÅ GARANTIKASSEN FOR FISKERE.

SANDE Blad B

År	F. mannt.	A-trygd	G-lott	Feriet	Sum	Sande Gj.sn.	Møre og Gj.sn
1981	239	60.602	231.600	315.611	607.813	2.542	
1982	267	144.754	306.800	499.782	951.336	3.563	7.164
1983	213	127.955	578.600	500.886	1207.441	5.669	8.884
1984	215	228.435	447.400	530.209	1206.044	5.610	

VANYLVEN

Vanylven

1981	128	112.098	158.500	164.292	434.890	3.298	
1982	137	195.779	115.500	253.332	564.611	4.121	7.164
1983	110	135.805	184.000	304.140	623.945	5.672	8.884
1984	123	105.818	129.900	292.855	528.573	4.004	

Landsgjennomsnitt 1984 for slike ytelsar er kr 5.460,- (Beregna)

3.0 FISKEFLÅTEN

3.1 MERKEREISTERET

SANDE MERKEREISTER : Oversikt ved utgangen av 1984.

Antal opne	Dekka	Sum	Und. 9 m	Und. 12 m	Und. 20 m	Und. 35	Over 35 m
35	57	92	53	17	12	6	4

3.1 fortset.

Endring 1984.

Frå utgangen av 1983 er dette ein auke på 6, derav to større fartøy, eit på 37,9 m og eit på 27,11 m, dette siste er under ombygging ved årskiftet til 35,5 m, og eit på 20,3 m alle brukte fartøy.

VANYLVEN MERKEREREGISTER: Oversikt ved utgangen av 1984.

Antal opne	Dekka	Sum	Und. 9m	Und. 12 m	Und. 20 m	Und. 35 m	Over 35 m
17	20	37	21	12	1	0	3

Endring 1984.

Frå utgangen av 1983 er dette ein minke på 7, derav ein dekk.

3.2 DISTRIKTSVIS FORDELING AV FISKEFLÅTEN.

SANDE: Kvamsøy

Ervik Fiskebåtrederi som tidlegare hadde ein rederivirksomheit på Kvamsøy, er for mange år sidan flytta til Ålesund, og driv sine fratøy derifrå. Rederiet som har i drift ein fabrikktrålar og ein ringnot-snurpar har enno betydeleg sysselsettjings-effekt på Kvamsøy, og elles i kommunen. Rederiet er og engasjert i oljebase fartøy som og rekrutterer mannskap frå kommunen.

Beitveit Fiskebåtrederi som har 2 større fartøy, ein reketrål og ein bank-autoline-båt har adresse Kvamsøy, men då rederiet er eigar av fryseriet på Larsnes er fartøya sin base der.

På Kvamsøy er elles heimehøyrande 2 større bank-line/garnfartøy og 2 mindre-garn/brugde bankbåtar.

Totalt har Kvamsøy 17 registrerte fiskefartøy, derav 8 ovannemnde større.

Sandsøy (Sandshamn)

Det er registrert 24 fiskefartøy på Sandsøy, derav 4 over 12 meter, eit kyst line/garn fartøy, eit kyst garn/reketrål fartøy, eit kyst garn/snurrevad fartøy og eit garn/kystnot fartøy.

Gjerdsvika:

Den aktive snurrevad flåte ein har i Sande er vesentleg frå Gjerdsvika der 5 fartøy er heimehøyrande. Av dei toltalt

3.2 forts.

12 registrerte fiskefartøy er desse 5 mellom 12 og 20 meter dei største. Eit av desse fartøy er igong med arbeidet av utskifting til større fartøy med produksjon ombord, i slutten av året.

Haugsbygda, Gursken:

18 registrerte fiskefartøy er heimehøyrande i dette distrikt, derav 2 over 12 meter. Det er eit kamskjell-fabrikk fiskefartøy og eit snurrevadfartøy under 10 meter.

Larsnes:

Larsnes har 10 registrerte fiskefartøy, det største mellom 9 til 12 meter, resten under 9 meter.

Aram:

Det er registrert 11 fiskefartøy på Aram (Hakallestranda), derav 2 større autoline/garn fartøy, eit reke/fisketrål under 50 tonn.

Tabelloverskit over distriktvis fordeling i Sande.

Fartøy- størr.	Kvamsøy	Sandsøy	Gjerdsvika	Gursken	Larsnes	Aram	Sum
Over 35 m	2	-	-	1	-	-	3
35 til 20 m	4	-	-	-	-	3	7
20 til 12 m	2	4	5	1	-	1	13
Under 12 m	9	20	7	16	10	7	69
SUM	17	24	12	18	10	11	92

VANYLVEN (Distriktvis oversikt)

Inndelinga i distrikt i Vanylven kan vere naturleg å bruke to delingar, Syvde og Vanylven. Syvde består av syvdefjorden og Rovde, men Rovde har ikkje registrerte fiskefartøy. Vanylven består då av Vanylvsfjorden der konsentrasjonen av fiskefartøy er i Syltefjoden. Ein mindre konsentrasjon er og i Krokvik - Fluevåg området.

Syvde:

Der er registrert 17 fiskefartøy i Syvde, derav 2 ringnot fartøy over 45 meter og 5 fartøy mellom 9 til 12 meter. Resten uner 9 m.

Vanylven:

20 fartøy er oppført heimehøyrande i Vanylven. Av desse er eit ringnot/selfangst fartøy på 42 meter, ein småtrålar 14 meter og 7 fartøy mellom 9 og 12 meter.

Tabelloversikt, distriktvis fordeling i Vanylven.

Fartøystørrelse	Syvde	Vanylven	Sum
Over 35 meter	2	1	3
35 til 20 meter	0	0	0
20 til 12 meter	0	1	1
12 til 9 meter	5	7	12
Under 9 meter	10	11	21
Sum	17	20	37

3.3

KONSESJONSBILDE FOR KOMMUNANE.

Konsesjons type	Sande	Vanylven	Dreve i komb. med
Fabrikktrål	1	0	
Torsketrål (Liten)	1	0	Reketrål
Trål ubegr. (Liten)	0	1	Reker/Torsk/Indus
Industrietrål	1	1	Reketr./Torskegar
Industrietrål	1	0	Ringnot
Industrietrål O.mer.	0	2	Ringnot
Reketrål (Fryse)	1	0	
Ringnot	1	3	Selfangst/Kolm.tr
Brisling	0	3	Seinot/Kystnot/Garn
Kvalfangst	1	0	Snurrevad
Drivgarn Laks	0	0	
SUM	7	10	
Antal fartøy m/kons.	6	8	
Kystnottillatelse			
Snurpenot	2	3	
Landnot	2	1	
Oppdrettsløyve			
Laks/aure matfisk i sjø	2	1	
Laks/aure settefisk	0	2	
Skalldyranlegg	1	7	

Mot slutten av året kom det inn søknad om salg og overføring av einaste ringnot-konsesjon i Sande til anna distrikt.

4.1 FOREDLINGSLEDDET

Det var i 1984 fiskemottak og foredling ved disse bedriftene i Sande:

J. M. Bringsvor	Sandshamn	Konvensjonell foredling
Sandshamnfisk	----"----	Pakking for J. M. Bringsvor
Vestlaks	----"----	Sjølvpakking og for Bringsvor-laks.
Sandanger	Gjerdsvika	Hermetikk.
Beitveit	Larsnes	Fryseri, innfrysing av agn.(Akka

4.2 RÅSTOFF, PRODUKSJON, KVANTUMSUTVIKLING.

Problem med avsetnad av tørrfisk har redusert aktiviteten ved denne foredlinga også i 1984. Lagersituasjonen er uendre og bitt stor kapital. Den øvrige aktivitet ved konvensjonell foredling har vore i gledeleg auke. Då produksjonen av tørrfisk som har teke unna det vesentlege av dette råstoffet har stoppa opp, har andre anvendelsar av råstoffet hatt rikeleg tilgang.

Den største lokale tilførsel av torsk og sei frå vårtorskefisket har igjen svikta. Totaltesultatet er omlag halvert frå 1983. For det lokale smålinefisket vart det eit oppsving for 1984, dette på grunn av betre fiske og godt ver på summer og haust. Dette råstoff tilkom vesentleg hermetikk industrien. Vårgytande sild vart opna for fangst i 1984, men mottaket i Sande har ikkje nytta dette råstoff enno med unntak av Sandanger Hermetikk.

Til mottaksanleggja i Sande er det gjennom Sunnmøre og Romsdal Fiske-salgslag tilført fylgjande fiskemengder:

År	Mengde i tonn	Verdi i 1000 kr	Endring i prosent	
			Mengde	Verdi
1981	2.319	11.853	0	0
1982	1.160	5.968	Ned 50%	Ned 49,6%
1983	1.310	6.504	Opp 13%	Opp 9%
1984	1.111	4.826	Ned 15%	Ned 26%

Samansetninga av fisk til bedriftene i Sande : Tonn

Fiskeslag	1981	1982	1983	1984
Torsk	1.128,1	330,0	264,8	184,8
Sei	884,4	476,1	186,6	318,0
Lyr	10,1	14,3	14,7	8,1
Brosme/Blålange	161,4	138,3	483,8	277,3
Lange	83,6	112,8	172,2	168,6
Kveite/Flyndre	4,0	3,2	1,8	1,3
Akkar	0	0	85,9	87,7
Hummar	0,56	0,71	0	0
Anna, Diverse	4,6	5,4	37,2	22,2

5.0 FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR (HAVBRUK)

5.1 Oppdrettsdata/Tabell.

SANDE:

Frå dei to matfiskanlegga vart seldt 171.553,5 kg laks.
Salgsverdi 6.982.000,- kr.

VANYLVEN:

Ved anlegga i Vanylven vart det produsert og seld:

Matfisk Laks	45.051,5 kg	Kr	1.606.753,-
Matfisk Ørret	22.016,7 "	"	468.593,-
Settefisk Laks	270.000 stk.}	"	3.280.000,-
Settefisk Ørret	20.000 " }		
	SUM	Kr.	<u>5.355.346,-</u>

5.2 OPPDRETT LAKS/AURE I SJØEN.

Anlegg i drift:

Sande har to slike anlegg i drift begge med konsesjonsvolum på 8000 kubikkmeter. Begge ligg i Voksa-Sandsøy bru området.

Vanylven har eit slikt anlegg, dette fekk klarlagt sitt konsesjonsvolum i 1984 til 8000 kubikkmeter. Dette anlegget ligg i Skørgefjorden og har settefisk-anlegg i tilknytning.

Starlaks som er registrert i Volda kommune har sitt anlegg i austre del av Røydefjorden. Desse har planar om flytting til Vanylven også med administrasjon og verte omregistrert til kommuna.

På grunn av den gode lønnsomheit desse anlegg har hatt, er det stor interesse i begge kommunar. Det vart ikkje konsesjons nyutdeling i 1984. Pr. 31/12-84 rekna ein med å ha omlag 20 anlegg under planlegging i Sande og 14 i Vanylven.

5.3. OPPDRETT LAKS/AURE, SETTEFISK.

For slikt oppdrett vil Vanylven ha ein naturleg føremon i betre eigna vasskjelder. Ein har derfor 2 anlegg i drift. Eit med konsesjonsvolum 250.000, og eit som var oppstarta før konsesjonslova med førebels konsesjonsvolum 230.000.

Interessa for slike anlegg er og stor. For Vanylven er to anlegg tillegga på klargjeringsstadiet der ein ventar oppstart så snart den nye oppdrettslova gir tillatelse. Fleire anlegg er under utgreiing eller planlegging. For Sande er og slike anlegg under utgreiing og planlegging.

5.4 SKJELDYRKING.

Både i Vanylven og i Sande har det vore igang prøveprosjekt for blåskjell og østers. Vekstmuligheitene set ut til å kunne tilseiest vere brukbare. Omsetninga av slik skjell har ikkje kunne gi regningssvarande drift til denne tid etter det resultat ein har fått av prøvedyrkinga.

Ein har derfor ikkje kome i gang med kommersielt basert anlegg enno, men interessa er stor i begge kommunene og miljøet forsøkkjer halde seg underretta om nye resultat innan utviklinga for slikt oppdrett.

6.0. LÅNE OG FINANSIERINGSKILDER.

6.1 STATENS FISKARBANK.

Sande kommune: Omsøkte og innvilga lån i Statens Fiskarbank i 1984:

Ant.	Søknadstype	Omsøkt	Innvilga
1	Ny motor	200.000	150.000
2	Nytt fartøy	23.700.000	8.200.000
3	Brukt fartøy	7.600.000	
1	Reparasjon	1.900.000	
1	Utstyr	526.925	
3	Fiskeredskapar	469.445	60.000
1	Forlengelse/fatøy	900.000	200.000
3	Overtaking av lån	5.265.820	2.290.000
17	Totalt i 1984	46.912.190	10.900.000

10 søknader om forlenga avdragstid, 8 innvilga.

20	Totalt 1983	11.142.990	2.910.000
----	-------------	------------	-----------

1983 - 9 søknader om forlenga avdragstid, 8 innvilga.

Dette viser over ein firedobling av søknadsmassen og avspeilar ei optimisme på fartøy-sektoren i kommunen. Totalramma for bevilgningar til kommunen viser:

Antal Søknader 1984	17 stk.	innvilga 5 stk = 30%
Omsøkt beløp kr 46.912.190		innvilga 10.900.000,- = 30%
Antal søknader 1983	20 stk.	innvilga 13 stk. = 65%
Omsøkt beløp kr 11.142.990,-		innvilga 2.910.000,- = 26%

VANYLVEN KOMMUNE:

Ant.	Søknadstype	Omsøkt	Innvilga
1	Utstyr	750.000	400.000
1	Overføring av lån	7.694.200	7.694.200
2	Totalt 1984	8.444.200	8.094.200

1 søknad om avdragsutsettelse, vart delvis innvilga.

7	Totalt 1983	1.878.750,-	918.750,-
---	-------------	-------------	-----------

For 1984 kan ein merke ein forandring for interesse overført til den store flåte-gruppa, få men store lånesøknader. Dette gjeld for begge kommunane. Elles viser totalramma for Vanylven:

6.1 STATENS FISKARBANK (fortset.)

Antal søknader 1984 2 stk innvilga 2 stk. = 100%
Omsøkt beløp kr 8.444.200,- innvilga kr 8.094.200.- = 96%

Antal søknader 1983 7 stk. innvilga 5 stk. = 71%
Omsøkt beløp kr 1.878.750,- Innvilga kr 918.750,- = 49%

6.2 ANDRE LÅNE OG FINANSIERINGSKILDER.

Slike kilder har vi frå kontoret liten oversikt over. Dei søknader til finansieringskilder uten om Statens Fiskarbank som vi har fått kjennskap til ved behandling av søknader, har vi behandla som informasjoner med restriksjoner om offentlegheit. Vi har ikkje registrert desse for kunggjering i årsmelding, og meiner våre kundar er på linje med oss.

Informasjon om D.U., Distrikts-skattelov- avsetningsfond og private finansieringsinstitusjonar vert gitt ved kontoret, men informasjon om resultat av søknader vert ikkje referert til oss. Statistikk frå slike institusjonar på kommune-inndeling kjenner vi heller ikkje til.

Vi kjenner oss dermed ikkje å inneha materiale for slik oversikt enno.

7.0 TILTAKSARBEID/TILTAKSPLANAR.

7.1 KOMMUNEVIS/KRETSVIS.

SANDE:

Lineegnesentral Sandshamn, og andre bygder.
Utnyttelse av marginal-ressurser, hummer, ål, kreps, akkar, kyst-reke, skolest, lysing og industrifisk.
Kontakt med skulane angående næringstilpassa undervisning innan fiske, foredling og havbruk.
Kursopplegg i spesialfelt, oppdrett, trålkurs, filerering, fiskefor, autoline, og pakking i endra atmosfære.
Samarbeid innan havbruk angående fôog foredling, foredlingsanlegg.
Planlegging for fornuftig utnytting av lokalitetar og områder forhavbruk. Alternative driftsformer, landbaserte anlegg for utsatte anleggsstader. Generalplanarbeid.
Fokusering om utnyttelse av den voksande sildestamma som råstoff til produksjon, produktsøking.
Etter-kome utvikling i fiskeflåten mot delforedling ombord ved tilrettelegging for mottak for vidareforedling av fileten, farse, ensilasje.
Utnytting av fersk-landa fisk til ferskomsetning.

VANYLVEN:

.fiskemottak i Vanylven, kombinasjonar oppdrett, sild, sei og ferskfisk.

7.1 KOMMUNEVIS/KRETSVIS (fortset.)

Forurensingsfarer i terskelfjorder, kontroll, omlegging av tilførsel av utslepp, mulige rensetiltak.
Kan Syvdefjorden opnast for havbruk ?

Stimulere til vurdering av naturressursar for havbruk, vasskjelder for klekkeri, anleggsstader.

Søkje etter verne-teknikkar for beskyttelse av havbruksanlegg for bruk i opne fjordar som anleggsplassar.

Elles som for Sande.

7.2 GENERELLE TILTAK.

Hamneplanutarbeidelse, kaianlegg, tomtediskonering, veg, vatn og elektrisitet.

8.0 OPPSUMMERING/STATUS.

Utviklinga innan fiskerinæringa siste åra har vore heller treg. Ved myndigheitene sine tiltak som vesentleg har vore retta mot dei større livskraftige einheiter har denne del tildels på ein rimelig måte hatt god utvikling. Den største vansken med rimeleg vekst og utvikling har kystbasert flåte hatt. På dette felt har myndigheitene sine tiltak hatt heller liten virkning enno. Dei reduksjonar i ressursane ein har hatt, har fått størst utslag for desse då mobiliteten er for liten til å utnytte alle muligheiter for alternativ-ressurs.

Av tiltak frå myndigheitene for begrensing av ressursbelastning må konsesjonssystemet nemnast. For slik tildeling ved innføringa stod dette distrikt med svakt grunnlag for tildeling. Når så nytildeling ikkje kunne tillatast måtte distriktet haldast utanfor.

Dette førde til utarming av miljøet, slik at ein idag har svakemiljø for enkelte fiskeri, serleg på eigarsida. Om ikkje vi får visse prioriteringar vil ein ikkje kunne gjenreise desse i den sterke konkurranse frå sterkare miljø.

Med dei nye ressursar i sikte har optimismen også kunna merkast i begge kommunane. Innan fiskeflåten har ein dyktige brukarar som har teke initiativ til etablering som eigarar. Innan for-edling er nye felt for produksjon og utvikling i gjenge. Havbruk er og vist stor interesse.

Ein kan derfor oppsummere med at den optimisme som idag pregar fiskerinæringa også er i Sande og Vanylven. Imidlertid er desse kommunae i eit av landests mest aktive fiskeridistrikt som gir sterk konkurranse både til prosjektering og bruksplanar for nye løyve-søknader. Sidan vår eksisterande næring som skal leggja grunnlaget for vekst må karakteriserast

8.0 OPPSUMMERING/STATUS (fortset.)

som kapital svak vil det kanskje føra til at vi ikkje kan finna og belysa dei muligheiter vi har. Dette kan igjen føra til at den trend ein meiner å ha klarlagt, at vi taper terreng generelt, vil tilta. Ein håpar og trur at ein med strek innsats lokalt kan dra nytte av dei tiltak dei distriktsvennlige myndigheiter har stilt til rådvelde for å snu den trend ein lenge har hatt.